

Foreldremøte 13. januar 2003

Me inviterer til foreldremøte etter flokkmøtet 13. januar, kl. 19.30-20.30. Det er fleire nye barn i flokken, og dei som har vore med ein stund har kanskje sett at opplegget og aktivitetane har endra seg ein smule frå i fjor. Difor tykkjer me det er viktig å få tala litt med foreldra om:

1. Aktivitetane
2. Sikring og tryggleik på tur
3. Klede og utstyr for aktivitetane

Me vil òg spørja om kva foreldra driv med for yrke, og om de kan hjelpa med nokre aktivitetar som det har særskilt greie på.

Kommentarar til terminlista

Det er diverre eit par usikre punkt i terminlista slik de har fått ho. Det er me leie for, men det beste me kan gjera er å fortelja kva og kvifor.

Speidergudstenesta er sett opp 23. mars, men me har enno ikkje fått svar frå kyrkjelyden om dette lèt seg gjera. Det kan difor henda at gudstenesta vert flytta. Me reknar med ei endeleg avgjerdsle før foreldremøtet den 13. januar.

Sjuttandemaitog vert det heilt sikkert i år òg. Krinsen går i flaggtoget i byen, og gruppene kan vera med om dei ynskjer det. Småspeidarar og foreldre som ynskjer å gå i tog med speidarane kan gjera det, men me kan ikkje på ståande fot lova leiarar som stiller.

Krinsleiren er ein vekesleir for speidarane (5. klasse og eldre), men me håper at krinsen skal klara å gje eit leirtilbod til småspeidarane òg. Dette er uvisst fordi det enno ikkje finst nok arrangørar. Om det kjem i stand, vert det truleg eit par dagar i fyrste delen av veka.

Speidarhelsing
Kjersti og Hans Georg